

Styresak

Går til: Styremedlemmer
Føretak: Helse Førde HF
Dato: 06.12.2011
Sakshandsamar: Kåre Mentz Lysne/ Vidar Vie
Saka gjeld: **Investeringsplan 2012 – Helse Førde HF**

Arkivsak

2011/2864

Styresak 081/2011 A

Styremøte 15.12.2011

Framlegg til vedtak:

1. Styret vedtek følgjande investeringsplan for 2012:

Investeringsplan 2012	Fase 1 - styremøte des. 2011	Fase 2 - styremøte juni 2012	Sum
Medisinsk Teknisk Utstyr	15 814		15 814
Luftambulans/Prehospitalt bygg	5 000	17 000	22 000
Omlegging somatikk, arealeffektivisering	5 000	10 000	15 000
Bygg, teknisk infrastruktur, senger	9 825		9 825
Ambulans	8 000		8 000
IKT - infrastruktur	4 700		4 700
Ikkje prioritert fase 2		22 736	22 736
Til disposisjon	48 339	49 736	98 075

2. Styret ber administrerende direktør legge fram detaljplan for fase 2 i samband med rullering av investeringsplan til styremøtet i juni 2012

Oppsummering

Investeringsramma for 2012 på 98 millionar kroner, er 18,6 millionar mindre enn skissert i langtidsbudsjett for 2012-2016.

I 2012 startar arbeidet med nytt bygg/landingsplass for luftambulanse og prehospitale tenester. I investeringsplanen for 2012 er det sett opp 5 mill. i fase 1 og 17 mill. i fase 2. Samla kostnad er berekna til 110 mill. kroner. Dei resterande løyvingar på 85 mill. må bli gitt i budsjetta for 2013 og 2014. Dette vil krevje store deler av disponible investeringsrammer for dei neste åra.

I investeringsbudsjettet blir det føreslege og setja av 22,7 millionar kroner til rulling av investeringsplanen i juni 2012. Dette er naudsynt for bl.a. å kunne fange opp havari. Eventuelt kan det bli aktuelt å overføre deler av ramma til 2013 for å kunne møte dei utfordringane som vil komme då.

Fakta

I styresak 043/11 den 17.06.11 vart Langtidsbudsjett og investeringsplan 2012-2016 handsama i styret. Styret gjorde følgjande vedtak:

Styret tek "Langtidsbudsjett 2012 – 2016" til førebels orientering, og viser til sak 044/2011 A "Orientering om økonomiske konsekvensar av føretaksprotokoll" så langt det gjeld 2012.

Som grunnlag for styresaka var det følgjande behov for investeringar i langtidsperioden:

Investeringsplan 2012 - 2016

Med utgangspunkt i reelle behov for investeringar i neste 5 års periode, kjem administrerande direktør med følgjande framlegg til investeringsplan 2012-2016:

Type investering	Spesifikasjon av investeringsprosjekt	Investering langtidsbudsjett							Sum 5 år 2012-2016
		Alle tall i mill. kroner							
		2011	2012	2013	2014	2015	2016		
Investering i nybygg omfattende ombygg	Felles funksjonar								
	Luftambulansebase/Prehospitall bygg	2,5	30,0	55,0	25,0	0,0	0,0	110,0	
	Ambulansestasjonar		0,3	1,8	1,8	0,3	0,3	4,5	
	Psykatri								
	Psykoepost i Førde			1,0	20,0	19,0	0,0	40,0	
	Bygningsmessig tilpassing Psykiatri	0,5	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0	
	Teknisk oppgradering Psykiatri	0,4	1,0	1,0	1,0	1,0	1,0	5,0	
	Somatikk								
	Brannsikring Førde/Nordfjord			0,5	0,5	0,5	0,5	2,5	
	Framtidig energiforsyning FSS						10,0	15,0	25,0
Ombygging av operasjonsområde og arealeff.			30,0	15,0	5,0			50,0	
Bygningsmessig tilpassing somatikk	9,4	10,0	10,0	10,0	10,0	10,0	50,0		
Teknisk oppgradering somatikk	10,1	4,0	4,0	4,0	4,0	4,0	20,0		
	Sum nybygg/større ombyggingar	22,9	76,8	89,3	68,3	45,8	31,8	312,0	
Medisinsk teknisk utstyr	MTU	43,6	30,0	30,0	30,0	45,0	45,0	180,0	
	SUM medisinsk teknisk utstyr	43,6	30,0	30,0	30,0	45,0	45,0	180,0	
IKT-investeringer	Infrastruktur	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	10,0	
	SUM IKT-investeringer	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	2,0	10,0	
Andre investeringer	Ambulansar	8,7	7,8	7,8	7,8	7,8	7,8	39,0	
	Anna	3,0							
	SUM andre investeringer	11,7	7,8	7,8	7,8	7,8	7,8	39,0	
SUM investering		80,2	116,6	129,1	108,1	100,6	86,6	541,0	

I investeringsplanen for 2011 er følgjande prioritert:

Investeringsplan 2011	Fase 1 - vedteke okt. 2010	Fase 2 - Vedteke des. 2010	Fase 3 - hausten 2011	Sum
Medisinsk Teknisk Utstyr	21 700	13 300	6 300	41 300
Bygg, teknisk infrastruktur	8 000	6 800	3 800	18 600
Luftambulanse		2 500		2 500
EPJ - infrastruktur		2 000		2 000
Ambulanse	6 500	2 200		8 700
Mindre investeringar			3 000	3 000
Ikkje prioritert fase 3			32 900	32 900
Til disposisjon	36 200	26 800	46 000	109 000

Av samla budsjett på 109 millionar er 32,9 millionar ikkje nytta i 2011 og blir overført til investeringsramma for 2012. Kontantstrømmen frå drifta gir dermed følgjande investeringsramme for 2012:

Kontantstrøm til å dekke investeringar 2012	
Resultat til styrking av finansieringsgrunnlag	-40 000
+ Avskrivning	108 300
+ Nedskrivning anleggsmidlar	0
= Kontantstrøm fra drifta	68 300
- Resultatavvik førre år	-15 000
+ Opptak av nye lån	0
- Avdrag lån	-8 300
- Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT	-19 825
+ Salg av anleggsmidler	0
+ Gaver	0
+/- annet	40 000
Finansieringsgrunnlag investeringar	65 175
+ Ikkje nytta midlar i 2011	32 900
Investeringsramme 2012	98 075

I vedtekne rammer for drifta til Helse Førde er det vedteke at HF har løyve til å gå med 40 mill. i underskot i 2012. Dette er det teke omsyn til.

Disponibel investeringsramme er med bakgrunn i at HF går med eit underskot på 15 mill. i 2011. Endeleg resultat av drifta er klart til vurdering av fase 2 i juni 2012. Investeringsramme vil då bli revidert.

Tilførsel av likviditet til Helse Vest IKT er med bakgrunn i vedtekne prosjekt. Ei nærare forklaring blir gitt under prioritering.

Med bakgrunn i desse føresetnadane er investeringsramma for Helse Førde på 98 millionar i 2012. Dette er 18,6 mill. mindre enn behovet skissert i langtidsbudsjettet.

Prioritering

Det er gjort prioriteringar for IKT-investeringar i Helse Vest, og Helse Førde sin del vert synt i tabellen:

Regionale IKT investeringar	2012
Pågåande prosjekt	4 167
Nye prosjekt 2012	3 159
Investering IKT infrastruktur	5 720
Ny PC klientplattform	1 040
Buffer HV-IKT	5 739
Sum investeringar 2012	19 825

Investeringsramma som er øymerka Helse Førde er på 19,8 millionar. Det er ikkje endeleg avklart om HV-IKT skal overta heile PC parken til HF, og HF inngå ein leigeavtale. Dersom avtale blir inngått vil budsjettoppsettet bli revidert i fase 2.

Pågåande prosjekt innan IKT (HF sin del):

- EPJ program fase 2, rest	800'
- Kvalitetsprogram i Helse Vest	65'
- Meldingsløfte, program	1 950'
- Teleradiologi	507'
- Automatisk frikort, utfasing POLK	650'
- Innkjøpsprogram, frå bestilling til betaling	195'

Nye prosjekt omfatter prosjekt fra porteføljekontoret og prioriterte prosjekt fra helseføretaka (over 67%).

IKT infrastruktur: Gjeld infrastruktur som må ein må oppgradere med bakgrunn i alle pågåande og bestemte prosjekt. Eigen spesifikasjon blir førelagt AD-møte fra HVIKT.

PC klientplattform: Gjelder primært lisensar for Win7 og Office2010

Buffer HV-IKT: Buffer skal ta høgde for fellesprosjekt som kjem i 2012. Vi må mellom anna hente pengar til følgjande frå buffer:

- Re-organisering av prosjekt inn i tre nye programområder (Samhandling/Meldingsløftet, Klinisk IKT/rest EPJ og Tele/røntgen)
- Fase 2 av verksemdsarkitektur

Med bakgrunn i disponibel investeringsramme for 2012, vil adm dir gjere følgjande prioriteringar:

Investeringsplan 2012	Fase 1 - styremøte des. 2011	Fase 2 - styremøte juni 2012	Sum
Medisinsk Teknisk Utstyr	15 814		15 814
Luftambulans/Prehospitalt bygg	5 000	17 000	22 000
Omlegging somatikk, arealeffektivisering	5 000	10 000	15 000
Bygg, teknisk infrastruktur, senger	9 825		9 825
Ambulans	8 000		8 000
IKT - infrastruktur	4 700		4 700
Ikkje prioritert fase 2		22 736	22 736
Til disposisjon	48 339	49 736	98 075

I revidert investeringsplan, som blir lagt fram for styret i juni møtet 2012, vil ein komme med ei vurdering av prioriteringar i fase 2, eventuelt om dette må overførast til investeringsramme 2013 for å møte dei utfordringane som der vil komme.

Prioritering – MTU, fase 1

Det blir gjort framlegg om følgjande prioriteringar i fase 1 når det gjeld medisinskteknisk utstyr:

Prosjekt	Avdeling	Kostnader (x1000)
ECT-maskin	Psykiatrisk klinikk, FSS	400
Røntgen DR-skjelettlab, 1 stk	Radiologisk avdeling, FSS	5 000
Utstyr til ortopediprojektet, FSS og LS	Avdeling for akuttmedisin, FSS	3 500
Billedlagring, modaliteter utren for RTG	Medisinsk teknisk avdeling, FSS	1 500
EliSA-vaskar og spektrofotometer	Mikrobiologisk avdeling, FSS	145
Bakterieanalysator	Mikrobiologisk avdeling, FSS	700
Fargeapparat	Mikrobiologisk avdeling, FSS	119
Ultralyd, billedannende	Revmatologisk Avdeling, FSS	500
Nukleinsyreekstraktor, manuell	Mikrobiologisk avdeling, FSS	50
Ultralyd, billedannende	Kvinneklubben, FSS	1 000
Blodtypemaskin (Ny kr 1,6), gml :kr 400'	Lab. med. biokjemi og blodbank, FSS	400
Ultralyd, billedannende, 1 av 2 stk	Kirurgisk avdeling, FSS	500
Ultralyd, billedannende	Poliklinikk kir/med, FSS	1 500
Ultralyd, billedannende (2 av 2)	Kirurgisk avdeling, FSS	500
Prioriteringar MTU - fase 1		15 814

ECT-maskin

Maskin for elektrosjokk behandling av psykiatriske pasientar. Erstatning for utstyr innkjøpt i 1999.

Røntgen DR. skjelettlab.

Skjelett-labane og bildeplatelesarane ved rtg.avdelinga i Førde sentralsjukehus er svært ustabile. Utstyret var kjøpt inn i 1998 og 2002, og det er ikkje lenger like enkelt å skaffe reservedelar til utstyret.

Utstyr til ortopedi

I denne utstyrspakka finn ein m.a. artroskopirack (kikholskirurgisk utstyr), boreutstyr og rtg.C-bue – samt ein del mindre utstyr og instrument.

Billedlagring, modalitetar utanfor RTG

Helse Førde deltek no i prosjekt i Helse Vest regi for å få på plass felles billedlagringssystem. Denne posten er meint å skulle dekke implentering av lagringssystem i Helse Førde ved innkjøp av nødvendige komponentar for integrering med vårt medisinske tekniske utstyr.

Elisa-vaskar og spektrofotometer

Bakterieanalysator

Fargeapparat

Nukleinsyreekstraktor

Desse 4 postane er knytt til gjennomføring av tidlegare styrevedteke "Mikrobiologiprojekt".

Ultralydbilledannende , 1 av 2 og 2 av 2. Kir pol.

Ultralydapparat til urologisk bruk, t.d ved prostatadiagnostisering.

Det eine apparatet blir kjøpt inn som erstatning for tilsvarande apparat innkjøpt 1999. Det andre apparatet er knytta til kapasitetesauke innan same driftsområde.

Ultralydapparat til Revmatologisk avdeling

Det er trong for meir ultralydkapasitet ved revmatologisk avdeling – som i dag bruker ultralydapparat på deling med barneavdelinga.

Prioritering – Luftambulanse/Prehospitalt bygg

Gjeld landingsplass, hangar og basebygg, samt ambulansestasjon, ambulanseleieing og AMK. Forprosjekt for utarbeiding av totalentreprise starta opp i august 2011 og skal vere ferdig i februar/mars år 2012. Planlagt byggestart er hausten 2012. Planlagt prøvedrift våren/sommaren 2014.

I investeringsplanen for 2012 er det sett opp 5 mill i fase 1 og 17 mill i fase 2. Samla kostnad er berekna til 110 mill kroner. Dei resterande løyvingar på 85 mill må bli gitt i budsjetta for 2013 og 2014.

Prioritering – Omlegging somatikk, areal effektivisering

Helse Førde er i gang med eit program for pasientlogistikk og arealeffektivisering ved Førde sentralsjukehus. Dette er knytt til tidlegare identifiserte behov for oppgradering og utbetringar knytt til operasjonsareal, dagkirurgisk areal m.m. I tillegg er det knytt til eventuelle endringar som følgje av Helse Vest sitt vedtak vedrørande strategiprosessen i Helse Førde. Administrasjonen vil kome attende til ei konkretisering for bruken av desse midlane i rullering av investeringsplan fase 2.

Vurderingar som er gjort pdd er at det er behov for 5 mill i fase 1 og 10 mill i fase 2. I langtidsbudsjett har prosjektet ei samla estimert ramme på 50 mill, som samla må fordelast dei kommande åra.

Prioritering – Bygg, teknisk infrastruktur, senger

Prosjekt	Sjukehus	Kostnader (x1000)
Vindaageprosjektet	FSS	1 800
Trykkholdeanlegg (ekspansjonstank til kjelesentral)	FSS	150
Desinfeksjonsmaskiner FSS	FSS	1 000
Utskifting av ventilasjonsanlegg 36.04	FSS	600
Kjøling av hovudtavle nord	FSS	60
Heis fase 1	FSS	1 300
Mottakskjøkken i 4. og 7. etasje	FSS	700
Traktor	FSS	300
Diverse oppgradering	FSS	400
Diverse oppgradering	FSH	350
Utskifting av vindauge	LSH	400
Lysstyring, bevegelsessensorar, nattsinking	LSH	150
Ventilasjonsanlegg 36.15	LSH	300
Utskifting av brannseksjoneringsdører	NSH	150
Terapibbygg, ny brannvarsling	Tronvik	100
Ny fordelingstavle hybelhus	Tronvik	65
Brannsikringstiltak	FSS/NFS	500
Fase 1- teknisk oppgradering bygningsmasse		8 325
Inventar, fellesareal alle bygg		500
Kjøp av nye senger		1 000
Fase 1 Samla inkludert inventar og senger		9 825

Investeringsprosjekta under fase 1 er sett opp med utgangspunkt i prioriterte lister med investerings tiltak frå teknisk drift ved dei ein skilde sjukehusa/institusjonane. Investeringsbehova i bygningsmasse og tekniske installasjonar er store, mykje større ein det som kjem fram her. Her har ein likevel prioritert å ta med dei tiltaka som ein meiner hastar mest/er mest behov for.

Vindaageprosjektet ved sentralsjukehuset er ei vidareføring av arbeidet med utskifting av vindauge i høgblokka, som starta opp hausten 2011.

Heisar: Ved sentralsjukehuset i Førde er det behov for å skifte ut heis 10, 11 og 12, samt skifte heisdører i den sokalla 6'ar gruppa (pasient/brukarheisane i høgblokka). Samla sett, er dette stipulert til ca 5.0 mill kr. I fase 1 prioriterer ein 1.3 mill. kr til utskifting av dører i 6'ar gruppa.

I første halvår av år 2011, pågjekk det eit prosjekt som skulle synleggjere behovet for innkjøp av nye senger og utskifting av gamle senger. Dette prosjektet enda opp i ein innkjøpsplan for nye senger. Planen syner at behovet for innkjøp av nye senger er stort, men å avsette 1 mill. kr i år 2012 til dette føremålet, er ei god byrjing.

Det syner seg år for år, at det alltid vil vere behov for innkjøp av noko inventar i løpet av året til fellesareal. Dette vil vere enno meir påkrevjande i år 2012, med dei endringane og ombyggingane som då ligg føre. Det er difor føreslått avsett kr 500.000,- til inventar i år 2012.

Prioritering – Ambulanse

Behovet for utskifting av ambulansar er stort. For å holde planlagt utskiftingstakt blir det prioritert innkjøp av 5 ambulansebilar (a 1,3 mill) og ein tobåre ambulansebil (1,5 mill). Denne med bakgrunn i behov for effektiv transportkapasitet mellom sjukehusa.

Prioritering – IKT infrastruktur

Denne posten består i all hovudsak av nye PC'er som må skiftast ut i samband med utrulling av ny PC-plattform.

I tillegg skal denne posten dekke erstatning av havarert utstyr som pc-skjermer, printere og skannere. Det er også behov for sikring og vedlikehold av eksisterende nettverk, samt behov for tilpassing av 5 operasjonsstover til anestesi PC-løysing.

Dersom Helse Førde går inn på ei leigeordning med HV-IKT vil det meste av denne potten blir overført til HV-IKT si investeringsramme.